

# Referat frå årsmøte i Jotunfjell Fjordane EHK, Vågå Hotell 13.februar 2010.

---

## Sakliste

1. Godkjenning av innkallinga.
2. Godkjenning av sakliste.
3. Val av teljekorps.
4. Val av to personar til å skrive under protokollen.
5. Val av protokollfører.
6. Val av årsmøtedirigent.
7. Val av utsendingar til RS 2010.
8. Årsmelding.
9. Rekneskap og revisjonsrapport.
10. Innkomne saker.
11. Tildeling av heidersbevis.
12. Val.

## Konstituering.

1. Godkjenning av innkallinga.
2. Godkjenning av sakliste
3. Val av teljekorps
4. Val av to personar til å skrive under protokollen
5. Val av protokollfører
6. Val av årsmøtedirigent.

### Sak 1. Godkjenning av innkallinga

Det vart frå fleire representantar reist kritikk mot styret for mangelfull og ikkje tilfredsstillande innkalling til årsmøte.

Mats Vole meinte innkallinga måtte underkjennast og at det vart kalla inn til nytt årsmøte. Alle medlemmane i klubben må få tilsendt skriftleg melding om årsmøte og saker til årsmøte, der det mellom anna klart går fram kven som står på val.

Svein Dalseghagen meinte saka måtte oversendast forbundets RS sin Lov- og Kontrollkomite, sjølv om fleirtalet av dei frammøtte vedtok å avhalde årsmøte.

Leiar Per Inge Solvang meinte innkallinga var i samsvar med dei vedtak årsmøte i klubben hadde fatta på årsmøte i 2009, der det mellom anna heiter at innkalling og saker til årsmøte skal kunngjerast på klubben sine internettsider.

Det vart reist krav om skriftleg votering. Olve Steinset og Mats Vole fekk i oppdrag å fungere som teljekorps.

Innkallinga vart godkjent med femten (15) mot sju (7) stemmer. Årsmøte vart så satt kl.15.30.

## **Sak 2. Godkjenning av sakliste**

Saklista til årsmøte vart samrøystes godkjent utan merknad.

## **Sak 3. Val av teljekorps**

Det vart fremma forslag på Leif Olsen og Mats Vole. Desse vart samrøystes valt.

## **Sak 4. Val av to personar til å skrive under protokollen.**

Det vart fremma forslag på Leif Olsen og Mats Vole. Desse vart samrøystes valt.

## **Sak 5. Val av protokollfører**

Olve Steinset vart samrøystes valt.

## **Sak 6. Val av årsmøtedirigent**

Per Inge Solvang vart samrøystes valt.

## **Saker under konstituert årsmøtesaker**

7. Val av utsendingar til RS 2010
8. Årsmelding
9. Rekneskap og revisjonsrapport
10. Innkomne saker
11. Tildeling av heidersbevis
12. Val

## **Sak 7. Val av utsending til RS 2010**

Klubben har rett til to representantar på RS 2010. Leiar og nestleiar, med styret som vara vart samrøystes valt.

## **Sak 8. Årsmelding**

Olve Steinset gjekk gjennom årsmeldinga og gjorde greie for postar i årsmeldinga som måtte supplerast med ytterlegare opplysningar. Dette gjaldt avsnitta Domarutdanning, Jakt-/ Sporprøver og Championater.

Årsmeldinga vart deretter samrøystes godkjent.

## **Sak 9. Rekneskap og revisjonsrapport**

I samband med handsaminga av rekneskapen for 2008, under årsmøte i 2009, vart det ikkje framlagt revisjonsrapport. Årsmøte 2009 vedtok difor av denne skulle framleggast for årsmøte 2010 for godkjenning. Denne revisjonsrapporten vart lagt fram for årsmøte og rekneskapen samrøystes godkjent.

Rekneskap for 2009 med revisjonsrapport vart lagt fram for årsmøte. Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

Årsmøte vedtok å la kontingenten stå uendra.

## Sak 10. Innkomne saker

- a) Utstillinger
- b) Medlemsverving
- c) Aktivitetshelg på Ramsverk
- d) Søknad om økonomisk støtte frå fylker i vårt aktivitetsområde
- e) Domaruttanning
- f) Innmelding av klubben i frivillighetsregisteret i Brønnøysundregistra

### a) Utstillinger

På årsmøte i 2009 vart spørsmålet om klubben skulle halde fram samarbeidet om fellesutstilling med Gudbrandsdalen EHK teke opp. Årsmøte konkluderte den gang med å ikkje take endeleg stilling til saka, men halde fram samarbeidet inntil vidare, samt pålegge styret å syte for at det vart framlagt skikkeleg rekneskap og evalueringsrapportar frå slike utstillinger.

Årsmøte fekk framlagt rekneskap frå fellesutstillinga på Lom 2009 og sa seg tilfreds med denne rekneskapen.

18.januar 2009 vart det halde møte i utstillingskomiteen for fellesutstillinga på Dombås 2010, der to av medlemmane frå styret i Jotunfjell Fjordane EHK, Per Inge Solvang og Olve Steinset, deltok. På dette møtet vart det bestemt at det skal førast rekneskap frå utstillinga, som og skal kunne framleggast for revisjon og handsamast på klubbane sine årsmøte. Vidare vart det bestemt å utarbeide enkelt budsjett med måltal for slike utstillinger. For utstillinga på Dombås ser dette budsjettet slik:

#### Inntekter:

Påmeldte hunder	200 stk a 300kr	60 000 kr
Annonsealg		4 500 kr
Sum Inntekter		64 500 kr

#### Utgifter:

Dommere		20 000 kr
Premier		10 000 kr
Uttrekkspremie		4 000 kr
Annonseutgifter		6 000 kr
Sum utgifter		40 000 kr

Det vart og bestemt at utstillingskontoen, som i si tid vart oppretta i samband med desse utstillingane skulle avviklast og at pengestraumen skulle gå gjennom klubbane sine respektive kasserarar.

Årsmøte sa seg tilfreds med det arbeid styret hadde gjort i høve til fellesutstilling. Styret ventar til ein har fått evaluert fellesutstillinga på Dombås før ein tek endeleg stilling til ny fellesutstilling i 2012. Styret vert gjeven fullmakt til å take stilling til slik søknad.

### b) Medlemsverving

Det nye styret får i oppgåve å utforme kampanje for medlemsverving.

### **c) Aktivitetshelg på Ramsverk**

Det nye styret får i oppgåve å skipe til ei aktivitetshelg på Ramsverk etter same modell som det ein har fått til på Markane.

### **d) Domaruttanning**

Det er ynskjeleg å betre uttanningssituasjonen for domaraspirantar i høve til å få praksis. Mellom anna ved at aspirantane får betre høve til å delta på prøver, domarmøte og få vite om når tid prøver vert gått. Dette kan gjerast ved at domarane får tilsendt liste over elevar og domaraspirantar når prøver skal arrangerast.

Det nye styret får i oppgåve å finne ei betre ordning på dette.

### **e) Innmelding av klubben i frivillighetsregisteret i Brønnøysundregistra**

Det nye styret får i oppgåve å syte for at klubben vert registrert i frivillighetsregisteret i Brønnøysund.

## **Sak 11. Heidersbevis**

Det vart delt ut heidersbevis til alle som hadde oppnådd premiering i løpet av året 2009.

Fyljande personar vart tildelt Championat for sine hundar: Andres Solvik, Tor Helge Storevik og Amund Byrløkken.

For seinare årsmøte oppmoda årsmøte om at alle som i årsmøteperioden har oppnådd Championat vert invitert særskilt til å komme på årsmøte for mottaking av heidersbevis.

## **Sak 12. Val**

Svein Dalseghagen bad om ordet før val for å få klarlagt om der var to typar medlemmar i klubben; "A" og "B" medlemmar. "A" medlemmar då å forstå som medlemmar busett innanfor klubbens aktivetsområde, som kan velgast til tillitsverv i klubben, og "B" medlemmar då å forstå som medlemmar busett utanfor klubbens aktivetsområde, som ikkje kan velgast til tillitsverv i klubben.

Frå det sittande styret vart det klarlagt at alle betalande medlemmar i Jotunfjell Fjordane EHK har dei same plikter og rettar same kvar dei bur. Der finnast ikkje "A" og "B" medlemmar i klubben.

Svein Dalseghagen bad likevel om å få fyljande innført i protokollen før vi gjekk til val: Alle medlemmar i Jotunfjell Fjordane EHK har like rettar i klubben same kvar i landet dei bur.

Ein gjekk så over til val, som vart leia av valkomiteen ved Pål Vesterås.

**Leiar:** Per Inge Solvang – på val  
Valkomiteens innstilling: Per Inge Solvang, som har takka ja til attval.  
Per Inge Solvang samrøystes valt.

**Nestleiar:** Ola Auale – på val  
Valkomiteens innstilling: Ola Auale, som har takka ja til attval.  
Ola Auale samrøystes valt.

**Kasserar:** Idar Nygård – på val  
Valkomiteens innstilling: Idar Nygård, som har takka ja til attval.  
Idar Nygård samrøystes valt.

**Sekretær:** Olve Steinset – ikkje på val

**Styremedlem:** Asbjørn Hansen – på val og tar ikkje attval.  
Valkomiteens innstilling: Jon Reidar Stormyrenge.  
Der vart reist benkeforslag på Kari Remen og Arne Fossmo

Etter skriftleg avstemming vart Arne Fossmo valt med 10 stemmer, Kari Remen 9, Jon Reidar Stormyrenge 1 og ei blank røyst.


**Vara til styre:** Kai Nave – ikkje på val  
Odd Rindhølen – ikkje på val.

**Det nye styret for Jotunfjell Fjordane EHK ser då slik ut:**

Leiar: Per Inge Solvang  
Nestleiar: Ola Auale  
Kasserar: Idar Nygård  
Sekretær: Olve Steinset  
Styremedlem: Arne Fossmo  
Vara til styre: Kai Nave og Odd Rindhølen

Årsmøte valte slik valkomite for 2010:  
Bjørn Marthinussen, Pål Tofte og Gaute Åmlid.

Årsmøte slutt kl.19.00



Olve Steinset  
- referent -

Protokollen er kontrollert og underteikna av:

---

Mats Vole

---

Leif Olsen